



Arkivnr: 2014/18069-66

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg**Saksgang**

Utvat	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

Vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane til industrien i Hordaland**Samandrag**

Då fylkesutvalet 18. juni 2015 (PS 168/2015) vedtok å stille inntil fem millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa, bad fylkesutvalet om at resultata av arbeidet og bruken av midlane skulle vurderast ved utgangen av 2016 før det vart tatt stilling til eventuell vidareføring. Dette gjorde fylkesutvalet 22. september 2016 (PS 221/2016), og då vart det også vedteke å vidareføra ordninga med ei løyving på fem mill. kroner. I vedtaket var det også med eit punkt om at «*resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2017 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring*».

Denne saka presenterer omstillingstiltaket sitt arbeid, samt ein oversikt over tiltak som er finansiert med midlane frå 2017. Omstillingstiltaket har i tillegg gjort vedtak kor dei oppmodar fylkesutvalet om å forlenge mandatet for omstillingstiltaket og tilføre midlar nye midlar til dette arbeidet. Fylkesrådmannen fremmer difor eit forslag om at arbeidet vert vidareført i 2018, finansiert med omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2018.

Økonomi: Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

Klima: Tiltak som styrker leverandørindustrien i retning av «det grøne skiftet» skal prioriterast særskilt

Folkehelse: Fleire av tiltaka har positiv sysselsettingseffekt. Det er bra for folkehelsearbeidet.

Regional planstrategi: Saka er knytt til «høg sysselsetting» og «ei klima- og miljøvenleg utvikling»

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ser framleis eit behov for omstilling av leverandørindustrien til petroleumsnæringa, og ynskjer å vidareføra ein samordna regional innsats for industrien i Hordaland ved at:

1. Fylkesutvalet stiller inntil 9 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for industrien i Hordaland. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2018,
2. Omstillingstiltaket, får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren. Fylkesutvalet ynskjer i tillegg at noverande samansetnad med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen, blir utvida med ein næringsrepresentant med kompetanse på «grøn konkurranseskraft», industriell utvikling og fornybar energi.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2018, før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.01.2018

Bakgrunn

Då fylkesutvalet 18. juni 2015 (PS 168/2015) vedtok å stille inntil fem millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa, bad fylkesutvalet om at resultata av arbeidet og bruken av midlane skulle vurderast ved utgangen av 2016 før det vart tatt stilling til eventuell vidareføring. Dette gjorde fylkesutvalet 22. september 2016 (PS 221/2016), og då vart det også vedteke å vidareføra ordninga med ei løyving på fem mill. kroner. I vedtaket var det også med eit punkt om at «*resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2017 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring*».

I KMD si løyving til Hordaland fylkeskommune i statsbudsjettet 2017, vart det sett av ni millionar kroner til omstilling. For å strukturera arbeidet med omstilling på ein god måte, vedtok fylkesutvalet, under handsaming av «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland*» 22. februar 2017 (PS 44/2017), at omstillingsutvalet også skulle vera styringsgruppe for desse midlane.

Omstillingsutvalet – som er sett saman av to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen – gjorde ei vurdering av behovet for vidareføring 4. desember 2017. Det var då gjort følgjande rådgjevande vedtak til fylkesutvalet:

«Leverandørindustrien står framleis overfor store omstillingsutfordringar. Omstillingsutvalet tilrår difor at mandatet for utvalet blir forlenga med eitt år til utgangen av 2018. Omstillingsutvalet ber også om at virkemidlane blir styrkt ut over dei 9 mill. kr som kjem over Statsbudsjettet for 2018.»

Tidlegare vedtak i saka

På møtet i fylkesutvalet 18. juni 2015 vart det gjort følgjande vedtak i PS 168/2015 «*Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland*»:

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. *Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet vel følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet:*

Sveinung Valle
Tom-Christer Nilsen

Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.

2. *Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv, eller av Innovasjon Norge Hordaland.*
3. *Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.*
4. *Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verksamhetsapparatet og arbeide for at oljeselskapene gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett.*

Bakrunnen for dette vedtaket var eit spørsmål frå Sveinung Valle i fylkesutvalet 16. juni 2014 om korleis fylkesrådmannen stiller seg til dei indikasjonane ein på det tidspunktet såg på at leverandørindustrien til petroleumsnæringa hadde utfordringar.

Vurderinga av vidareføring av arbeidet vart første gang fremja som sak i fylkesutvalet 22. september 2016 (PS 221/2016), og då vart det også vedteke å vidareføra ordninga med ei løyving på fem mill. kroner:

Fylkesutvalet ser framleis svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og ynskjer å vidareføra ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH budsjettet for 2016, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv eller av Innovasjon Norge Hordaland.

Fylkesutvalet ynskjer at midlane må sjåast i samanheng med realiseringa av eit Grønt skifte som er ein del av målsetjinga og strategiplanen for Hordaland fylkeskommune.

2. Omstillingsutvalet med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2017 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

Økonomi 2015-2018

Løyvingar	Beløp	Overført frå året før	Tilskot	Rest
Løyving i FUV 2015	5 000 000		4 746 500	
Løyving i FUV 2016	5 000 000	253 500	3 701 500	
KMD Omstilling 2017	9 000 000	1 552 000	6 248 000	
KMD Omstilling 2018	9 000 000	4 304 000		
Totalt	28 000 000		14 696 000	13 304 000

Sjølv om det pr. 31 desember 2017 var omlag 4,3 mill. kroner som ikkje var fordelt, er det søknader under handsaming og varsla søknader som vil overstige dette beløpet. Legg ein til 9,0 mill. kroner som er sett av til omstilling i Hordaland i statsbudsjettet for 2018, er samla sum til disposisjon pr. 1. januar 2018 omlag 13,3 mill. kroner.

Bruk av midlane

Søkjar og tittel	Strategiske innsatsområde	Prosjekt kostnad	Søkt beløp	Løyvd beløp
Innovasjon Norge <i>Bedrift i omstilling og vekst</i>	Omstilling i leverandørindustrien (2) og Tiltak for vekst i SMB i Hordaland (3)	2 365 000	2 365 000	2 365 000
Connect Vest <i>Omrstilling i petroleumsnæringa i Hordaland</i>	Omstilling i leverandørindustrien (2) og Tiltak for vekst i SMB i Hordaland (3)	1 053 000	1 053 000	1 053 000
Atheno. <i>MøteplassA – fase 2</i>	Kompetanseheving av arbeidstakarar som kan/vil omstilla (1)	860 000	380 000	380 000
Atheno. <i>Vekstprogram digitalisering SMB</i>	Tiltak for vekst i SMB (3)	2 370 000	1 100 000	1 100 000
Bergen kommune. <i>Mulighetsbanken, møteplass for arbeidsledige</i>	Kompetanseheving for arbeidstakarar som kan/vil omstilla (1)	460 000	200 000	200 000
GCE Subsea. <i>ACCEL Crossover (3 kurs for inntil 30 bedrifter</i>	Omstilling og endringsarbeid i leverandørindustrien (2)	1 800 000	900 000	900 000
Gode Sirklar AS	Kompetanseutvikling for leverandørindustri på Sotra		250 000	250 000
Sum 2017		13 809 000	7 868 000	6 248 000

Omstillingsutvalet sitt arbeid

Omstillingsutvalet hadde sitt første møte 28. september 2015. I etterkant av dette møtet vart det arbeida fram ein strategi etter innspel frå medlemmene i utvalet. Denne strategien vart revidert av omstillingsutvalet 5. oktober 2017 (vedlegg 1 «Strategi for omstilling av industrien i Hordaland»).

Formålet med strategien er å prioritera og målretta tiltak for å lette den strukturelle omstillinga knytt til leverandørindustrien, og regionar med særlege omstillingsbehov. I gjennomføringa av strategien er det viktig med samordna innsats innan dei prioriterte innsatsområda. Måla skal næast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvalting av dei offentlege ressursane retta mot næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. Sentrale aktørar for å få god forankring i verkemiddelbruken er Innovasjon Noreg Hordaland, NAV Hordaland, partane i arbeidslivet og Hordaland fylkeskommune. Målet med omstillingsmidlane er dei skal bidra til å utvikla ein omstillingsdyktig region, og skapa nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsettinga. Følgjande fem strategiske innsatsområde er definerte for å målretta bruken av midlane:

1. Kompetanseheving for arbeidstakarar som skal/vil omstilla
2. Omstilling og endringsarbeid i leverandørindustrien til olje og gass
3. Tiltak for vekst i SMB-bedrifter i Hordaland
4. Felles tiltak knytt til rammeverk
5. Tiltak som styrker leverandørindustrien i retning av «det grøne skiftet» skal prioriterast særskilt.

Det er viktig at midlane blir nytta smart og målretta der kor dei har best effekt. Samstundes er det viktig at midlane blir nytta både på prosjekt som er individretta, og prosjekt som er bedriftsretta. Det er også opna for at nokre av midlane kan nyttast på tiltak i bedrifter. Det siste vil å så fall gjelde spesielle, mindre tiltak som ikkje kan finansierast gjennom dei ordinære midlane som IN rår over, men som likevel blir vurdert som særleg viktige for den eller dei bedriftene det gjeld, og lokalsamfunna der desse bedriftene ligg. Tiltak knytt til dei prioriterte innsatsområda er difor gruppert etter tiltak på kort sikt som kan setjast i gang raskt, og tiltak på mellomlang sikt som det vil ta noko lengre tid å setje i verk.

I den reviderte strategien har innsatsområdet «*Tiltak for vekst i SMB-bedrifter i Hordaland*» fått auka merksemd. Det er på dette området det er størst potensiale for å skapa nye arbeidsplassar. Etablerte selskap kan også opprette og hjelpe nye bedrifter som satsar på nye produkt. Mange bedrifter er no i ein heilt ny situasjon der verdikjeder og rammeverk er i stor endring. Tiltak som vil styrke industrikyngene og andre utviklingsaktørar med god forankring i næringslivet, er viktige for auka og effektivt samarbeid, heving av kompetanse og bruk av kompetanse og ressursar på tvers i SMB-segmentet.

I følgje Innovasjon Norge (IN) er det eit stor unytta potensial for vekst i arbeidsplassar og innovasjon i SMB-bedrifter som har 20 til 50 millionar kroner i omsetning. Ved årsskiftet utgjorde dette 1275 bedrifter i Hordaland, der 960 av bedriftene er aksjeselskap. Dette er ofte solide bedrifter som leverer gode produkt og tenester, men som kan ha behov for å bli utfordra på vidare vekst. Auka omsetning for desse bedriftene vil skapa nye arbeidsplassar, som igjen er verdifulle for vår region. Prioritering av intraprenørskap og innovasjonskultur i eksisterande næringsliv vil også generera fleire gode gründerbedrifter i Hordaland. Omstillinga vil krevja tung satsing på kompetansetiltak, meir kunnskap om digitalisering og robotisering, nye og grønare forretningsmodellar, og tilpassing til nye marknader nasjonalt og internasjonalt. Mykje av omstillinga må skje i levedyktige bedrifter som framleis har vekstpotensial.

Overgangen til eit lågutsleppssamfunn og eit grønt skifte medfører auka omstillingsutfordringar, og det vil også føra til at industrien må utvikla nye produkt, endra produksjonsprosessar og ta i bruk ny teknologi og kombinasjonar av teknologi. For auka næringslivet si konkurransekraft opp mot «*det grøne skiftet*» skal innsatsen målrettast mot tre område som er løfta fram i «*Meld. St. 27 (2016–2017) Industrien – grønnere, smartere og mer nyskapende*»:

Etter fylkesutvalet sitt vedtak i juni 2015 vart det sett ned eit sekretariat. Sekretariatet sine oppgåver har vore å kalle inn til møter i utvalet, utforme strategiar og utlysingar, handsame prosjektsøknader, skrive brev til sentrale styresmakter og utforme politiske saker. Sekretariatsfunksjonen omfatta m.a. det daglege

administrative ansvaret for drifta av omstillingssarbeidet, saksførebuing til styringsgruppa sitt arbeid og iverksetjing av vedtak.

I tillegg til å utarbeide strategiar har sekretariatet utarbeida notat og brev på bestilling frå omstillingsutvalet. Til dømes vart det laga eit notat som skildra utfordringane og utviklinga petroleumsindustrien har for lærlingane i fylket. Her var det henta inn ekspertkompetanse og informasjon mellom anna frå fagopplæringa, opplæringskontora og vidaregåande opplæring.

Når det gjeld innsatsområdet «Felles tiltak knytt til rammevilkåra», nasjonale tiltak og anna påverkingsarbeid, så har dette føregått i regi av utvalet. Utvalet har sidan byrjinga diskutert korleis ein best når fram til dei sentrale styringsmaktene med utfordringane og dei behova som vert avdekt omstillingssarbeidet. Hordalandsbenken har vorte kontakta og sekretariatet har utarbeida to brev til Statsministeren og dei aktuelle departementa.

Første brev vart sendt til Statsministeren sitt kontor i februar 2016 med informasjon om arbeidet og ønskje om eit møte med politisk leiing. Dette resulterte i at Statsminister Erna Solberg, saman med næringsminister Monica Mæland, fiskeriminister Per Sandberg og statssekretær Ingvil Smnes Tybring-Gjedde kom til Hordaland fylkeskommune for eit møte med omstillingsutvalet. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun leia møtet. Her vart det løfta fram særskilte behov frå omstillingsutvalet som vart vidare diskutert. Også omstillingssamarbeidet på Sør- og Vestlandet vart diskutert.

Etter førespurnad frå Hordalandsbenken på Stortinget vart det skrive eit brev med innspel til revidert statsbudsjett for 2016 i mai. Fleire prosjekt og tiltak som kan bidra positivt til å dempa dei negative konsekvensane av aukande arbeidsløyse vart løfta fram. Det vart fokusert på tiltak som vil bidra til å behalda verdifull kompetanse i næringa, og tiltak som vil bidra til å omstille verksemder og tilsette som må over i andre bransjar. I alt vart det nemnd 8 konkrete tiltak innanfor tre viktige regionale tema: Tiltak for å behalda verdifull kompetanse i leverandørindustrien; fornying av ferjeflåten; nye kystvaktfartøy og vedlikehald av fregattar; tiltak for å utvikla ny kompetanse; og klimatiltak. Fleire av desse tiltaka har kome inn i revidert statsbudsjett for 2016 og statsbudsjett for 2017.

Målsettingane til omstillingssarbeidet har vore å dempe konsekvensane av nedbemannning i petroleumsindustrien, gjennom dei definerte innsatsområda for verkemiddelbruk. Det har til tider vore stor pågang av søknader og interessentar som har vore i kontakt. Det har vore mange bedrifter som både har søkt og som har ønskt å søke, og behovet for bedriftsretta midlar opplevast som stort. Eitt tilskot har vore gitt som bagatellmessig støtte innanfor innsatsområdet «kompetanse-heving for arbeidstakarar som skal/vil omstilla» (prosjektet *Opplæringsprogram: omstilling gjennom samhandling*).

Fem av prosjekta som vart tildelt midlar i 2015 og i byrjinga av 2016 er no avslutta og sluttutbetalt. Fleire prosjekt arbeider med sluttrapportering og alle prosjekt som har fått midlar til no skal vere sluttført og utbetalt innan sommaren. Dette er i tråd med retningslinene om å prioritere kortsiktige prosjekt som kunne startast opp raskt.

Effekten av midlane har byrja å vise seg. Til saman har over 650 personar og eit titals bedrifter, inkludert dei store hjørnestensbedriftene, fått opplæring og deltatt i kompetansehevande kurs i Sunnhordlandsregionen. Ein bedrift har endra sin marknadsposisjon frå leverandør til petroleums-industrien til elkraftnæringa og vorte pre-kvalifisert som leverandør hos Statnett. I Nordhordland har 5 bedrifter og ein rekke gründerar deltatt i liknande lavterskeltilbod der fleire av bedriftene no er i tilsettingsprosessar. I Vest har 13 bedrifter forplikta seg til eit samarbeid om marknadsføring, kostnadsreduksjon og effektivisering av produksjonsprosessar. SMB bedrifter i heile fylket har fått tilbod om ein mentoreneste for å mellom anna kome seg inn i nye marknader. Mange bedrifter har fått tildelt mentor. Desse er bedrifter som har opplevd reduksjon i omsettning og oppseiingar av eigne tilsette. Dei førebelse tilbakemeldingane frå bedriftene er gode.

Vurdering av eventuell vidareføring av Omstillingsutvalet sitt arbeid

I KMD sitt oppdragsbrev til Hordaland fylkeskommune er det dei to siste åra lagt inn nye overordna mål i regional- og distriktpolitikken. Dei nye måla legg vekt på å gjøre omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og

å bygge evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt. Med oppdragsbrevet fylgte det ei løying på ni millionar kroner som skal styrke næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. Framlegget i statsbudsjettet for 2018 om ni millionar kroner til omstilling er eit tydeleg signal om at omstillingsarbeidet bør fortsetja. Det bør, i tråd med omstillingsutvalet si tilråding, også vurderast om Hordaland fylkeskommune skal setja av meir midlar øyremerka til omstilling.

Basert på sakshandsaming og arbeidet i omstillingsutvalet har fylkesrådmannen gjort seg nokre erfaringar både knytt til behovet for, og bruken av dette verkemiddelet.

Oversikten over søknadane viser at behovet for midlar framleis er større enn dei midlane som er stilt til rådvelde. Ein indikator på dette er at det er fleire søknader som ligg på vent i påvente av ei eventuell vidareføring av arbeidet til omstillingsutvalet.

«*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland*» har omstilling som ei gjennomgåande satsing. Det er mykje kompetanse innanfor olje og gassindustrien som kan brukast inn mot områder som marin sektor, helse og omsorg, smarte samfunn, rein energi, samferdsel m.m. Samstundes er det vanskeleg for kvar einskild av dei relativt små teknologi- og tenesteleverandørane å etablere seg med nye produkt i ein ny marknad eller bransje. Ein treng difor prosjekt og tiltak som kan dekke behovet for heile eller ein større del av bransjen – ein bransje som har sitt tyngdepunkt i Hordaland. Det offentlege verkemiddelapparatet er i dag innretta på å jobbe med denne type utfordringar kvar for seg. Fylkesrådmannen meiner samarbeid og betre koordinering av individretta-, bedriftsretta- og regionale utviklingsmidlar vil gje meirverdi i dette arbeidet. Med den styringsstrukturen som no er etablert vil Omstillingsutvalet i Hordaland kunne få til ei slik koordinering og samordning av virkemiddelbruk på alle desse områda basert på behova i bransjen.

Strategi for omstilling av industrien i Hordaland er nettopp gjennomgått og justert/vidareutvikla av Omstillingsutvalet. Strategien er mellom anna utvida noko til også å omfatte omstillingsutfordringar for andre industribedrifter enn olje/gass. Det er satt ekstra fokus på vekst i SMB-segmentet i industrien og auka grøn konkurranseskraft har fått eit sterkare fokus i strategien. Strategien vil vere det viktigaste verktøyet for fylkeskommunen i omstillingsarbeidet også i 2018, og det er difor naturleg at utvalet følgjer opp dette arbeidet.

I tillegg har Omstillingsutvalet eit utvida ansvar for arbeidet med innsatsområdet «Felles tiltak knytt til rammevilkåra». Eit sentralt tema for utvalet har vore korleis ein best når fram til dei sentrale styringsmaktene med utfordringane og dei behova som vert avdekt i omstillingsarbeidet. Fleire prosjekt og tiltak som har bidrige positivt til å dempa dei negative konsekvensane av aukande arbeidsløyse er løfta fram, og arbeidet til Omstillingsutvalet har fått stor merksemd både frå statsministeren, fleire sentrale statsrådar og Hordalandsbenken på Stortinget. Slike kanalar inn mot sentrale styresmakter er viktige å vedlikehalda dersom arbeidet vert vidareført i 2018 og vil vere avgjerande for i kva grad ein lukkast i arbeidet med rammetilhøva.

Samansetninga av Omstillingsutvalet er brei og gir god forankring både mot dei viktigaste offentlege utviklingsaktørane på regionalt nivå og mot næringa. Utvalet har og bidrige til at midlane har vore nytta effektivt og gjeve gode resultat. Når vidareføring i 2018 no skal vurderast, er det likevel naturleg at fylkesutvalet også vurderer om samansetninga av utvalet skal justerast i tråd med den reviderte «*Strategi for omstilling av industrien i Hordaland*». I tråd med sterkare prioritering av tiltak som styrker leverandørindustrien i retning av «det grøne skiftet», kan det vera fornuftig å utvida omstillingsutvalet med eitt medlem for å få sterkare næringsrepresentasjon på dette området.